Bykle kommune
Kultur og fritidstenester

Melding om vedtak

Arkiv

Vår ref:	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2012/107-27	Astri Rysstad,☎ 37938500	031	13.06.2013

Kulturpolitisk handlingsplan

Rådmannen si tilråding:
Framlegg til Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune 2013-2020 blir godkjent. Rådmannen får i oppgåve å gjennomføre justeringar/tiltak i tråd med planen, og innanfor vedtekne økonomiske rammer. Planen skal justerast ein gong i kommunestyreperioden.

Saksprotokoll i Formannskap - 27.05.2013

Behandling:
Saka vart drøfta
Vedtak:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Saksprotokoll i Eldreråd - 27.05.2013

Behandling:
Vedtak:
Eldrerådet har ingen merknadar til kulturpolitisk handlingsplan.
Samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutval - 27.05.2013

Behandling:
Vedtak:
Rådmannens tilråding blei samrøystes vedteke

Saksprotokoll i Administrasjonsutval - 27.05.2013

Behandling:
Vedtak:
Framlegg til Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune 2013-2020 blir godkjent. Rådmannen får i oppgåve å gjennomføre justeringar/tiltak i tråd med planen, og innanfor vedtekne økonomiske rammer. Planen skal justerast ein gong i kommunestyreperioden.
Samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i Kommunestyre - 06.06.2013

Behandling:
Saka vart drøfta
Vedtak:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Med helsing

Astri Rysstad
Rådgjevar

Postadresse:
4754 Bykle

Telefon: 37 93 85 00
Telefaks: 37 93 85 01
Epost: postmottak@bykle.kommune.no

Bankgiro: 2835 20 00266
Skatt: 7855 05 09414
Org.nr: 958 814 968

Arkiv: 031
Saksmappe: 2012/107-24
Sakshandsamar: Astri Rysstad
Dato: 13.05.2013

Saksframlegg

Bykle kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
50/13	Formannskap	27.05.2013
5/13	Administrasjonsutval	27.05.2013
1/13	Arbeidsmiljøutval	27.05.2013
77/13	Kommunestyre	06.06.2013
5/13	Eldreråd	27.05.2013

Kulturpolitisk handlingsplan

Rådmannen si tilråding:
Framlegg til Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune 2013-2020 blir godkjent. Rådmannen får i oppgåve å gjennomføre justeringar/tiltak i tråd med planen, og innanfor vedtekne økonomiske rammer. Planen skal justerast ein gong i kommunestyreperioden.

Saksprotokoll i Formannskap - 27.05.2013

Behandling:
Saka vart drøfta

Vedtak:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Saksprotokoll i Administrasjonsutval - 27.05.2013

Behandling:
Vedtak:
Framlegg til Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune 2013-2020 blir godkjent. Rådmannen får i oppgåve å gjennomføre justeringar/tiltak i tråd med planen, og innanfor vedtekne økonomiske rammer. Planen skal justerast ein gong i kommunestyreperioden. Samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutval - 27.05.2013

Behandling:

Vedtak:
Rådmannens tilråding blei samrøystes vedteke.

Saksprotokoll i Kommunestyre - 06.06.2013

Behandling:
Saka vart drøfta

Vedtak:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Saksprotokoll i Eldreråd - 27.05.2013

Behandling:

Vedtak:
Eldrerådet har ingen merknadar til kulturpolitisk handlingsplan.

Samrøystes vedteke.

SAKSUTGREIING

Samandrag

Framlegget til Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune 2013-2012 er ein framtidsretta plan tufta på den framtidige, økonomiske stoda for Bykle. Planen vil truleg også føre til justeringar/endringar i høve til organisasjon/tiltak, men det er ei von om at ein i framtida kan stø opp om den friviljuge innsatsen, og ha moderne og framtidsretta bygg og anlegg innanfor dei økonomiske rammene ein har til rådvelde. Rådmannen får i oppgåve å gjennomføre tiltak i tråd med planen, og event. endringar som må gjerast i nært samarbeid med tilsette og tillitsvalde.

Bakgrunn for saka

I kommunestyresak 115/12 blei det vedtatt å setje ned ei gruppe som skulle utarbeide kulturpolitisk handlingsplan. Desse har vore med i prosjektarbeidet:
Jon Rolf Næss, Jan Dalen, Tor Hallvard Mosdøl, Astri Rysstad, Unn Hovden, Helga Jacobsen, tillitsvald Jorunn Andersen og Tallak Hoslemo.
Prosessleiar har vore Agnete Rieber-Mohn frå Mentorpartner. Arbeidet har vore lagt opp slik med nokre endringar av tid, slik at prosessen har blitt litt forsinka:

Dato, tid og sted	Tema	Deltakar
26.11, kl. 10-15 Bykle	Analyse av fakta om dagens tenestetilbod, sett opp mot andre kommunar	Tenesteleiar og prosessleiar
5.12, kl. 0830-15 Bykle	Analyse av dagens situasjon	Prosjektgruppa, prosessleiar
18.12, kl. 9-12 Revsnes hotell	Status i prosessen og planlegging av vidare arbeid	Ordførar, rådmann, tenesteleiar, prosessleiar
9.1, kl. 0830-15 Bykle	Målbilde og prioriteringar	Prosjektgruppa, prosessleiar
23.1, kl. 0830-15 Bykle	Tiltak	Prosjektgruppa, prosessleiar
6.2, kl. 0830-15 Bykle	Gjennomgang av utkast til rapport og førebuing av høyring	Prosjektgruppa, prosessleiar

Planen tek utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale føringar med ei kort omtale av dagens kulturtilbod med sterke og svake sider, mulegheiter og trugslar. Det er også sagt litt

om dei ulike aktørane i kulturlivet, samt mål og prioriteringar i framtida. Til slutt er det ei prioriteringsliste av tiltak for å nå dei måla ein har kome fram til innan dei ulike fagområda. Det er lagt ved to vedlegg som omhandlar tenester og ressursbruk innan einiga kultur og fritid, samt driftsutgifter og andre styringsparameter.
Prosjektgruppa har påpeika at rådmannen frå i oppgåve å gjennomføre tiltak i organisasjonen innanfor føringane i planen.
Planen blei sendt ut på høyring den 16. april med høyringsfrist 8. mai til desse institusjonane:

Lag og organisasjonar i Bykle kommune,
Kommunale einingar,
Setesdalsmuseet,
Destinasjon Hovden,
Tillitsvalde i Bykle kommune,
Verneombod i Bykle kommune,

Det har kome inn 12 innspel i høyringsrunden. Innspela er lagt ved saka, men her er ei oppsummering av merknadane:

Kulturpolitisk handlingsplan – oversikt over høyringssvar

Høyringsinstans	Innspel	Vurdering
Bykle idrettslag	Mangel på idrettsfagleg kompetanse i kultursektoren i kommunen	Kommunen leiger inn, konsulterer og leiger inn ekstern kompetanse ved behov. Ein ønskjer å nytte eksisterande kompetanse frå skigymnaset og helseavdelinga til rettleiing av brukarar og tilsette.
	Lite systematisk vedlikehald og oppfølging av materiell i treningsromma.	Kommunen følgjer opp innspel frå brukarane om behov for materiell. Samstundes må innkjøp av materiell skje innanfor gjeldande økonomiske rammar.
Fjellgardane å skule	Stønad til skikort bør prioriterast	Ivareteke i planen, avsnitt 7.
	Regelmessig aktivitetstilbod for ungdom på Hovden	Omtala i planen avsnitt 8.3, tiltak 3.2. Innanfor gjeldande økonomiske rammer vil ungdomsleiar i samarbeid med ungdomen legge til rette for auka aktivitetstilbod på Hovden. Ein vil vurdere om det er mogeleg å få til eit fast ungdomslokale i samband med ei event. ombygging av grendehuset.
	Ønskjer målretta aktivitet for ungdom knytt til skigymnaset.	Det er ikkje prioritert eigne tiltak for denne gruppa. Dei kan ta del i det ordinære tilbodet.
	Viktig at familiar får tilgang til Badeland til ein høveleg pris.	Ivareteke i planen, avsnitt 7.
Bykle og Hovden Teaterlag	Ikkje tilfredsstillande lydanlegg på Hovden Grendehus.	Ein vil sjå på løysingar som utbetrar forholda innanfor eksisterande økonomisk ramme.
	Ønskjer at eigenbetaling ved bruk av grendehuset vert revurdert.	Takast med i vurderinga av betalingssatsar (tiltak 2.7).
Hovden sportsklubb	Opplever at idrett er nedprioritert i Bykle kommune som følgje av planen.	Dette er ikkje intensjonen med planen. Folkehelse er nemnd som eit prioritert satsingsområde (ref. avsnitt 6, delmål 2.)
	Ønskjer betre	Planen har som mål å tilby ein moderne

Høyringsinstans	Innspel	Vurdering
	idrettsfasilitetar	infrastruktur. Ein viser og til avsnitt 8.5, tiltak 5.1. Vidareutvikling av idrettsanlegg må tilpassast gjeldane økonomiske rammer.
Hovden Golfklubb	Ønskjer klarare retningsliner for tildeling av kulturmidlar.	Ivareteke i planen, snitt 8.7, tiltak 7.2
	Ønskjer at planen tydeleggjer kva rolle golfklubben si verksemd har i kommunen.	Ein viser til avsnitt 5, der ein skildrar frivillige lag og organisasjonar si rolle generelt. Planen tek ikkje for seg dei einskilte organisasjonane spesielt.
Bykle barne- og ungdomsskule	Ønskjer eit nært og fleksibelt samarbeid med kulturskulen.	Ivareteke i planen avsnitt 8.4, tiltak 4.5
	Ønskjer å behalde lokala til SFO i samfunnshuset.	Kulturskulen sine tilsette treng øvingsrom og kontorplassar for sine tilsette i tilknyting til kulturhusa (avsnitt 8.4, tiltak 4.6). Dette krev endring/ omdisponering av bygg. Rådmannen vil involvere alle partar, og vurdere deira behov i forkant av evt. endringar.
Bykle ungdomsråd	Mangel på offentleg kommunikasjon og lokalt transporttilbod opplevast som ein svakheit.	Er innarbeidd i planen, avsnitt 4.
	Ønskjer betre transporttilbod i samband med ungdomsklubb, samt eit fast klubb tilbod på Hovden.	Betre transport er prioritert i planen (avsnitt 8.3, tiltak 3.4 og avsnitt 8.7, tiltak 7.3). Fast tilbod til ungdom på Hovden er kommentert over (innspel frå Fjellgardane skule).
	Ønskjer utvida opningstider for kiosk i Hegni.	Kiosken blir driven av Destinasjon Hovden.
	Ungdomsrådet ønskjer at kommunen skal involvere dei meir.	Ivareteke i avsnitt 8.7, tiltak 7.4.
Fagleiar kulturhus	Ønskjer å avvente vurdering av opningstider på kulturhusa til ein har gjennomført brukarundersøking i 2014 (avsnitt 8.2, tiltak 2.1 og 2.9)	Vurdere opningstider fortløpande innanfor gjeldande økonomisk ramme. Samstundes vil dette vere eit tema i brukarundersøkinga.
Biblioteksjef	Ønskjer at ein framskyndar innføring av sjølvbetjening i biblioteka til 2014 (avsnitt 8.1, tiltak 1.9)	Vurderast i samband med økonomiplan 2014-17 og budsjett 2014
Stussli Velforeining	Ønskjer at grendehuset er ope på kvelden og i helgene, samt at organisasjonar og privatpersonar kan nytte huset utan vederlag.	Takast med inn i vurderinga av opningstider (tiltak 2.9) og betalingssatsar (tiltak 2.7).
	Tiltak 2.10 ansvarleggjere brukarar av kulturhusa, er for generelt og vanskeleg å	Presisering er tatt inn i planen.

Høyringsinstans	Innspel	Vurdering
	forstå.	
DNLF	Ønskjer fast tilhaldsstad og fleire faste arrangement for ungdom på Hovden.	Sjå kommentar over (innspel frå Fjellgardane skule).
	Støtte til skikort og årskort badeland er viktig å oppretthalde.	Ivareteke i planen, avsnitt 7.
	Viktig med gode og lett tilgjengelege ski og tur løyper, samt å låne grendehuset utanom opningstider.	Ivareteke i planen.
	Auka brukarbetaling vil ha negative konsekvensar og virke ekskluderande.	Vert teke med i vurdering av prisregime og brukarbetaling (avsnitt 8.7, tiltak 7.1)
Fjellgardane husflidslag	Viktig for laget å behalde sitt eiga rom på Hovden grendehus	Ivareteke. Større kurs kan leggjast til Lislestog, Bykle.

Formelt grunnlag

PS 115/12 Kulturpolitisk handlingsplan

«Det blir sett ned ei prosjektgruppe som skal utarbeide ein kulturpolitisk handlingplan foreininga kultur og fritid. Gruppa blir samansett med 3 politikarar, rådmann, tenesteleiar, dei to fagleiarane og ein tillitsvald.
Prosjektgruppa skal ha utarbeidd ein rapport som er klar til politisk godkjenning i mars, 2013
Ordførar, varaordførar og ein frå opposisjonen vert oppnemnt til prosjektgruppa.»

Vurderingar og konsekvensar

Framlegg til Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune 2013-2020 er godt gjennomarbeidd av gruppa. Det har vore stort engasjement, og det har kome gode innspel i høyringsrunden. Nokre av desse er innarbeidd, andre er ivaretatt frå før i handlingsplanen, og nokre må ein avvente i høve til budsjett/langtidsbudsjett.
Planen bør rullerast ein gong i kommunestyreperioden.

Bykle,

Tallak Hoslemo
Rådmann

Vedlegg

1 Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle
2 Vedlegg 1 Tenester og ressursbruk kultur og fritid
3 Vedlegg 2 Utgifter til føremål innan kultur og fritid
4 Innspel til høyring kulturpolitisk handlingsplan
5 Innspel til kulturpolitisk handlingsplan - Bykle ungdomsråd
6 Innspel til kulturpolitisk handlingsplan - Bykle barne- og ungdomsskule
7 Høyringsuttale kulturpolitisk handlingsplan - Bykle IL

8 Høyringsuttale kulturpolitisk handlingsplan - Hovden Golfklubb
9 Innspel kulturpolitisk handlingsplan 2013-2020 - Hovden Sportsklubb
10 Høyringsuttale til kulturpolitisk handlingsplan
11 Innspel til kulturpolitisk plan Fjellgardane skule
12 Innspel kulturpolitisk plan
13 Høringsutkast kulturpolitisk handlingsplan frå Dnlf
14 Høyringsuttale kulturpolitisk handlingsplan - Stussli Vel
15 Høyring kulturpolitisk handlingsplan

Vedlegg:
Kulturpolitisk handlingsplan for Bykle kommune 2013-2020
Vedlegg 1 og 2.
Høyringsinnspel – 12 stk.

Andre dokument i saka:

Melding om vedtak sendast: